

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Roald Kvingedal	FE-231, FA-M00	20/972

Saknr	Utval	Type	Dato
005/2021	Formannskapet	PS	04.02.2021

Framlegg til ny forskrift for renovasjon - ny renovasjonsforskrift

Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
Ny renovasjonsforskrift	02.11.2020
Rettleiar renovasjonsforskrift nynorsk - endeleg NGIR 26102020	02.11.2020
Retningsliner for privat åtkomstveg nynorsk - endeleg NGIR 26102020	02.11.2020
Høringsbrev_standard	02.11.2020

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune legg framlegg til ny forskrift for renovasjon ut på offentleg høyring. Høringsfristen vert på 6 veker frå utleggsdato.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS (NGIR) står føre oppsamling, innsamling, transport og handsaming av husholdningsavfall i kommunane Alver, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen og Solund.

Med heimel i Forurensingslova § 30, vedtok samtlege deltakarkommunar i NGIR ei felles lokal forskrift for innsamling mv. av husholdningsavfall (forbruksavfall) – FOR-2000-10-05-1706.

Høyring

Forskrifta vert lagt ut på høyring med høyringsfrist på 6 veker.

Høyringsuttalar skal sendast skriftleg og helst elektronisk til NGIR: post@ngir.no eller per post til: Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS, Lindåsvegen 1260, 5956 Hundvin.

Fakta

Gjeldande forskrift har ikkje vore endra sidan 2000, og NGIR har gjort seg erfaringar med at forskrifta ikkje løyser alle forhold på ein god nok måte.

Kommunane og NGIR ser behovet for å gjere forskrifta tydelegare med omsyn til om det er NGIR eller kommunane som skal stå for ulike oppgåver knytt til husholdningsrenovasjonen, samt andre høve som har vist seg å være uklare i eksisterande forskrift.

Framlegget til ny forskrift er basert på gjeldande forskrift, og regulerer forholdet mellom abonnent/kunde på den eine sida, og NGIR (kommunane) på den andre sida.

Den nye forskrifta er meir systematisert og strukturert enn tidligare, og gjev NGIR meir rom for å supplere forskrifta med detaljert informasjon i rettleiarar og retningslinjer. Forskrifta vert difor meir dynamisk, og ein får høve til å tilpasse renovasjonsordninga teknologiske løysingar for avfallshandtering og andre endringar som kan oppstå, innanfor rāmene til forskrifta

Når høyringsperioden er over, vil innkomne uttalar og innspel verte vurderte. Endeleg framlegg til forskrift vil verte handsama i kommunestyret.

Når forskrift er vedteke vil den verte kunngjort i Norsk Lovtidende og gjort tilgjengeleg på Lovdata.no.

Konklusjon

Masfjorden kommune legg framlegg til ny forskrift for renovasjon ut på offentleg høyring.

Formannskapet - 005/2021

FS - behandling:

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Masfjorden kommune legg framlegg til ny forskrift for renovasjon ut på offentleg høyring. Høyringsfristen vert på 6 veker frå utleggsdato.